



**Kvinnherad Bygg har no søkt kommunen om løyve til seksjonering av dei 5 tomannsbustadane som skal byggjast i Ospelunden og der grunnarbeidet er godt igang. Sameiget får 10 seksjonar og dei 2 husa som ligg lengst inne er noko større enn dei 3 andre (SJÅ SKISSER).**

Vedtektane sleg fast at fellesareal er vegar og areal mellom bustader og eventuell garasje.

Opparbeiding og vedlikehald av fellesareal er eit felles ansvar som kvilar på eigar av alle seksjonane.

Fast periodisk vedlikehald, så som brøyting, plenklypping, stell av blomar og bed med vidare, skal fordelast mest mogeleg rettvist og i samsvar med eigarbrøk.

Eigar av kvar seksjon er pliktig til å syta for at seksjonen er fullverdiforsikra. Medlemmene pliktar og å delta i velforening for feltet. Det same gjeld andre tenester til dømes felles bossordning.

Førebels er 6 av seksjonane selde

